

Brødrepar er klar for andejakt nordom Skorpo.

15.09.2018



Jaktlaget frå Herøysundet gjer seg klar for båtreise til Skorpo for å jakta and i Hardangerfjorden. F.v: Espen Berge-Soldal, Benjamin Tveit Rød, Joakim Tveit Rød og Thomas Berge-Soldal.

Eit trivelag jaktlag dukka opp i Beinavikjo i dag og gjorde seg klar for andejakt i Hardangerfjorden. Det er to brødrepar, ein kameratjeng på fire frå Herøysundet som jaktar i lag på hjort og fugl. Andejakta opna 10. september og varer like fram til 23. desember. Jaktlaget kan det meste om fugl. Dersom det vert fugl i dag, vert alt arbeid med fuglen gjort på plassen.

Ein treng ikkje skyteprøven for å gå på andejakt. Geværet er hagla og jakta går frå land. Det er ikkje lov å jakta i båt. Eit viktig prinsipp er at jakta ikkje skal vera til sjeanse for fastbuande eller hyttefolk. Dersom ein høyrer haglskot på denne tida, ja, så er det andejakt.

Det er vanleg å bruka lokkeender som ligg på sjøen ved bruk av lodd. Jegeren sit på land og ventar på at ender skal bli lokka bort til lokkeanda. Det er rasen silender som vert jakta i dag. Det er ein matfugl. Ein flår og skjer ut bryst og lår på jakt-plassen før heimreise. Jakttida i dag er fram til myrke fell på. Andejakt i Kvinnherad er mest populært i den ytre delen av kommunen.

Jaktlaget frå Herøysundet jaktar både hjort og rypa. Gutane er med på hjortejakta i eit av dei tre jaktvalda i Bringedalsbygda. Rypejakta opnar noko seinare og føregår for det meste i Fjellhaugen og Blådalsområde. Her treng ein løyve og kort frå det lokale grunneigarlaget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal